



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/2522 - 13	21.11.2022	149531/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	09.01.2023

Sykylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av daglegvarebutikk - gbnr 14/467 og 609 mfl. - Sykylven sentrum - offentleg ettersyn - motsegn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet.
Fylkestinget er øvste mynde.*

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Innleiing

Saka gjeld planforslaget Detaljregulering Sykylven sjøfront, BS22 som er lagt ut til 1. gongs høyring. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Samferdsel

Siktsoner

Frisiktsoner som berre går over vegareal (fortau, gang- og sykkelveg, køyreveg, annan veggrunn), er tilstrekkeleg å vise som frisikt/inje. Frisiktsoner som går over annan person sin eigedom eller anna byggeformål enn vegformål, må i sin heilskap visast som omsynssone i plankartet. Sjå figur neste side.



Figur: Døme på frisiktsoner og frisiklinjer

Planområdet må inkludere heile frisiktsonene i kryss til fylkesvegen, samt eventuelle frisiktsoner i kryss til gang- og sykkelveg. Frisiktsoner skal ha eige føresegns, samt bli talfesta, helst i plankartet, eventuelt i føresegna.

Vi har **motsegn** til planen fram til plankartet omfattar frisiktsoner i sin heilskap, anten som linje eller polygon, alt etter som kva areal frisiktona omfattar. Frisiktsonene må bli talfesta.

Heimel for motsegn er:

- Veglova § 1 a
- Statens vegvesen si handbok N100, jf. veglova § 13
- Pbl § 12-6

Fortau

Planforslaget er i tråd med områdeplan for Sykkylven sentrum, vedtatt i 2016. Områdeplanen legg opp til kvartalsstruktur med byggelinje mot fortau. Jf. handbok N100 så er fortau er ei løysing som blir nytt i bystrøk/tettbygde strøk, med låg fartsgrense (<=50 km/t), men ikkje når fartsgrensa er 60 km/t eller høgare. Ved fartsgrense 60 km/t skal det vere gang- og sykkelveg, med minimum breidd mellom gang- og sykkelveg og køyreveg på 1,5 m.

Dersom det ikkje er mogleg å få til gang- og sykkelveg på ei kort strekning, kan det bli søkt om fråvik (sjå avsnitt lenger ned). Vi kan ikkje finne at det er behandla noko fråvik knytt til fortau her. Vi pliktar derfor å fremme **motsegn** inntil regulert løysning for gåande og syklande er i tråd med krava i N100, alternativt at fråvik er omsøkt og akseptert. Sjå eige avsnitt lenger nede i brevet.

Gang- og sykkelveg

SVV foreslår i si uttale av 05.12.2022 at ein bør vurdere ei løysning der gang- og sykkelvegen i nord følger fv. 60 sørover, frå Aureelva heilt til gangfeltet ved den nordlege rundkøyringa. På denne måten blir ein leia direkte til kryssingspunktet, utan "omveg" rundt parken og parkeringsplassen. Gang- og sykkelvegen vil då også fungere som buffer mellom parken og fylkesvegen. Vi stiller oss bak vegvesenet si tilråding.

Park

Park o_pa er regulert heilt inntil fylkesvegen, og det er ikkje sett av sideareal til fylkesveg. Som kjend skal sideareal m.a. tene som sikkerheitssone. Det må ikkje leggast til rette for bruk som negativt påverkar tryggleiken på- og langs fv. 60. Dette gjeld også

dei som skal opphalde seg i parken. Her må ein finne ei løysning som gir buffersone mellom parken og fylkesvegen. Vi gjer merksam på at eventuelle bufferelement ikkje må komme i konflikt med eventuelle siktsonar eller tryggleikssona langs fylkesvegen. Med heimel i veglova §1a, nullvisjonen (om null drepne eller hardt skadde i trafikken), har vi **motsegn** til plasseringa av parken heilt inntil fylkesvegen.

Parken er i tillegg regulert inn på fylkeskommunens eigedom. På generelt grunnlag tillèt vi ikkje at det vert regulert eller etablert tiltak på vår vegrunn (sjå neste avsnitt).

Fylkesvegen sitt sideareal

Eigedomsområde, tryggleikssone og ervervsareal langs fylkesvegen må bli regulert til «anna veggrunn». Tryggleikssona blir bestemt ut frå krava i vegnormal N101. Denne sona er eit område utanfor køyrebana kor det ikkje skal vere faremoment som farlege sidehinder, farlege skråningar, byggverk (støyskjerm/gjerde/mur), parkeringsplassar eller liknande. Ei trygt utforma tryggleikssone skal hindre at køyretøy som hamnar utanfor køyrebana treff farlege sidehinder.

Støy

Byparkar skal ifølge T-1442 ha ei anbefalt støygrense på 55 dB på stille del av uteopp-haldsareal. Kommunen må vurdere om arealet fell inn under denne definisjonen og om støykravet i så tilfelle er oppfylt. Eventuelt må det bli vurdert kva for tiltak som kan bli gjennomført for å sørge for at kravet er innfria.

Fråvik

Dersom gjeldande, tekniske krav som nemnt ovanfor ikkje kan bli oppfylte må det søkast fråvik. Fråvika må vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Sjå informasjon og søknadsskjema på vegvesenet sine heimesider:

<https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/fravik/>.

Planomtalen bør ha ei oversikt over eventuelle avbøtande tiltak og/eller naudsynte fråvik i eit eige kapittel, eventuelt opplysning om at fråvik ikkje er aktuelt for plana. Manglande fråvik kan gi forseinkingar i planprosessen.

Marinarkeologi

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sykkylven sjøfront i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Planområdet inkluderer eit område som normalt ville vært antatt å ha potensiale for marine kulturminne. Planområdet bærer elles preg av at det har vært gjennomført mange utfyllingar. Det blir derfor rekna som lite sannsynleg å finne overlevande marine kulturminne innafor det oppmerka planområdet.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Tettstadutvikling

Det kan vurderast i etterkant av reguleringsaka om fartsgrense 60 på ei sentrumsgate vil vere ei framtidssretta løysing. Nedsett fartsgrense vil dempe støy og gjere det tryggare for mjuke trafikantar. Viser elles til innspel i samband med oppstart.

Konklusjon

Ut frå omsynet til trafikktryggleik har vi **motsegn** til planen

- fram til plankartet omfattar frisiktsoner i si heilheit, anten som linje eller polygon, alt etter kva areal frisiktsona innfattar. Frisiktsonene må bli talfesta. Det må vere føresegner til sonene. Heimel for motsegn er veglova § 1 a, Statens vegvesen si handbok N100, jf. veglova § 13, pbl. § 12-6
- fram til regulert løysning for gåande og syklande, er i tråd med krava i N100, alternativt at fråvik er omsøkt og akseptert.
- Fram til det er etablert «anna vegareal» mellom park og fylkesvegen. Motsegna er heimla i veglova §1a, nullvisjonen.

Sjå elles merknader ovanfor.

Med helsing

Toril Hovdenak
Fylkeskommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikke signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Marinarkeologi: rådgivar Maiken Holst, post@museumvest.no

Tettstadutvikling: rådgivar/arkitekt Ingvild Gjerdset, tlf. 71 28 03 44

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Kystverket
NVE



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykylven kommune

Detaljregulering - Sykylven sjøfront BS22

Fråsegn til offentlig ettersyn - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Planforslag for detaljregulering Sykylven sjøfront BS22 er sendt på høyring og offentleg ettersyn.

Det er lagt opp til parallel behandling av reguleringsplan og bygesak for daglegvarebutikk, jamfør plan og bygningslova §§ 1-7 og 12-15.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk med mogleg etablering av 2.etasje for offentlege føremål, gangsti langs sjøfronten og torg.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er lagt ved ei utfylt sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit. Denne avdekker fleire potensielle risiko- og sårbarhetsforhold. Mellom anna ligg planområdet i eit område med potensiell fare for områdeskred av kvikkleire. Det er gjennomført ein geoteknisk rapport som skildrar grunnforholda. Rapporten vurderer områdestabiliteten for ei tomt innanfor planområdet. Vi er derfor usikre på om områdestabiliteten er avklart for resten av planområdet.

Vi ser at planføresegn § 8.2 ikkje skildrar kva fare omsynssona syner (t.d. flodbølgjefare 1/1000, 1/5000), og kva krav som gjeld for tiltak innanfor sona. Dette er truleg fordi stormflod er dimensjonerande fare i planområdet, og stormflodfaren vert vareteke gjennom planføresegn § 8.3. Vi ber likevel om at § 8.2 skildrar den konkrete flodbølgjefaren som omsynssona dekker og stiller

naudsynt krav til tiltak innanfor sona. Dette vil mellom anna gjere at kommunen unngår uvisse knytt til varetaking av tilstrekkeleg tryggleik mot skred/flodbølge innanfor planområdet.

Støy

Brekke & Strand Akustikk AS har utarbeidd eit støynotat i samband med reguleringsplanprosessen.

Planlagt næringsbygg vil reflektere støyen frå fylkesvegen slik at støyfølsame bygningar på andre sida vil få auka støynivå med 1-2dB. Dette er ikkje ei merkbar auke av støy.

Berekningane har tatt utgangspunkt i bygging av eit næringsbygg på 6 meter. Føresegnerne opnar derimot for maksimalt 10 meter. Vidare har ein berre utarbeidd støykart for 1,5 meter over bakkenivå. Når ein bereknar støytilhøve for fasade ved støyfølsamt bruksføremål skal ein måle støynivå for kvar etasje.

Det er stilt krav om oppdatert støyrapport før etablering av offentleg føremål i 2.etasje. Vi minner om at støy skal avklarast i reguleringsplan. Det er ikkje tilstrekkeleg å stille krav om oppdatert støyrapport. Støyrapporten må oppdaterast no for å synleggjere verknadene for støy, og sikre eventuelle avbøtande tiltak i plankart og føreseigner.

Føresegn punkt 3.8 har følgande formulering:

3.8 - Støy Innafor planområde er det ikkje planlagd bruk som er støyfølsom. Om slik bruk skal etablerast i 2. etasje i F/K/T, skal det i byggjesaka leggjast ved oppdatert støyrapport.

Denne formuleringa er motstridande og uklar. Føresegnerne må vere eintydige på at det ikkje skal opnast for støyfølsamt bruksføremål. Om ein skal legge til rette for støyfølsamt bruksføremål må det gjennomførast støyfagleg utgreiing og sikrast eventuelle avbøtande tiltak i plankart og føreseigner.

Om ein opnar for bustadføremål må ein også avklare tilhøve for barn og unges interesser, slik som gangavstand til skule og leikeplassar.

Konklusjon

Vi har **motsegn** til reguleringsplan fordi støy ikkje er tilstrekkeleg avklart. Støyrapporten må ta utgangspunkt i så høgt bygg som plana opnar for. Støynivå må bereknast ved fasade for kvar etasje av støyfølsamt bruksføremål som kan få endra støytilhøve.

Vidare må ein endre føresegnerne slik at dei er eintydige på at plana ikkje opnar for støyfølsamt bruksføremål. Alternativt må støyrapporten utgreie støy for støyfølsamt bruksføremål i nytt bygg.

Eventuelle avbøtande tiltak må sikrast i plankart og føresegnerne.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
NVE VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlende eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/42972-7

Dykkar referanse:
05.12.2022

Uttale til detaljregulering for Sykkylven sjøfront, BS22

Vi viser til brev datert 21.11.2022.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for et bygg med kombinert formål forretning, kontor og tjenesteyting formål innenfor områdeplanens BS22. Vidare er det planlagt park, torg, parkering og gang- og sykkelveg ved sjøfronten.

Statens vegvesens rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretake i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Vår vurdering

Opprinnelag gjekk riksvegen gjennom sentrumsområdet. Då dette var ein riksveg med transportmessig betydning ble den lagt i utkanten for å betre framkome og trafikktryggleiken. På starten av 2000-talet ble det planlagt og bygd ei løysing med meir sentrumsmessig preg som betra avviklinga av lokaltrafikken. Etter denne ombygginga har

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

det skjedd få trafikkulykker. Ved å utvikle områda mot sjøkanten, vil dette generere meir trafikk og ferdsel av mjuke trafikantar. Avvikling for køyrande vil neppe vere eit problem, og helle ikkje for mjuke trafikantar da det er lagt til rette for gangfelt over fv. 60 ved rundkjøringane og ein undergang noko lenger sør. Vi vil likevel påpeike at det er viktig at mjuke trafikantar blir leda til å bruke dei kryssingspunktene som det er lagt opp til slik at ein unngår vilkårleg kryssing utanfor. Vi merkar oss ut frå dette at regulert gang- og sykkelveg følger sjøkanten vest for parkanlegget. Her burde ein også sjå på ei løysing som føljer fv. 60 sørover heilt til gangfeltet ved rundkjøringa. Gang og sykkelvegen vil også vere ei meir naturleg buffer mellom køyrevegen og parkanlegget. Parkanlegget heil inn til vegformålet må etter vår vurdering uansett ikkje aksepteras da aktivitetar som leik, ferdsel og opphold tett inn mot ein relativt høgt trafikkert veg er svært uheldig med tanke på trafikktryggleiken.

Ved formåla F/K/T, o_TO og o_SA er det regulert med formålet fortau langs fv. 60. Slik den er utforma, med rabatt mot køyrevegen, synes dette meir som ein gang- og sykkelveg. Det er også ei slik løysing vi tilrår. Det vil også vere naturleg at sykkelparkeringsplassen o_SA er knytt til ein gang- og sykkelveg. Ein bør i denne samanheng også sjå på kurvaturen inn mot rundkjøringa slik at gang- og sykkelvegen får slakare linje inn mot kryssingspunktet.

Det er regulert inn to avkørsle til den offentlege parkeringsplassen (o_P). For å gi rundkjøringsarma ei standardisert utforming bør ikkje avkørsle plasserast så tett inn mot rundkjøringa og kryssingspunktet. Som eit minimum kan denne avkørsla retningsregulerast slik at det kunn er tillat med innkøyring. Ei retningsregulert inn og utkøring vil også gi ei betre løysing inne på parkeringsplassen ved at trafikantane bere treng å forhalda seg til ei køyreretning.

Konklusjon

Vi viser til ovannemnde merknader og innspel og ber om at det blir tatt med i det videre arbeidet med reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 22.12.2022

Vår ref.: 202204963-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 21/2522-13/ARIRIN

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,

22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale - Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Sykylven sjøfront BS22 - Sykylven kommune

Vi viser til brev datert 21.11.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljregulering for Sykylven sjøfront BS22 i Sykylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk og vidareutvikle offentlege føremål med gangsti og torg langs sjøfronten.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga innspel til planarbeidet i brev datert 17.03.2022. Der peika vi på omsyn til avklaring av stabile grunnforhold, omsyn til kartlagt fare for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred og sikker handtering av overvatn som relevante problemstillingar i planarbeidet.

Grunnforhold

ERA Geo har i geoteknisk prosjekteringsrapport datert 21.09.2022 gjort vurderingar av både områdestabilitet og fare for setningar i byggegrunn. I rapporten er det basert på nærliggande grunnundersøkingar konkludert med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire. For stabilitetsvurderingar av byggegrunnen for planlagt næringsbygg, føreset ERA Geo at det ligg føre meir data frå grunnundersøkingar.

NVE føreset at ERA Geo har vurdert områdestabilitet for alle tiltaka som planen legg til rette for. Vi har elles ikkje merknader til vurderingane som er gjort.



Flodbølge som sekundær virkning av fjellskred

Kartlagt fareområde er føreslege regulert med omsynssone *Skredfare H310*. I tilhøyrande føresegn § 8.2 er det gjort greie for kva fare omsynsona viser, men føresegna gir ingen opplysningar om årleg sannsyn eller krav til sikker byggehøgde. NVE rår til at føresegna gir meir utfyllande krav/informasjon om aktuell fare i høve til tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Vi gjer også merksam på at det i planomtalen kap. 6.6 er omtala at gjeldande tryggleiksklasse for området er sett til S3, jf. TEK17 § 7-3. I planomtalen kap. 5.18 står det at bygget er plassert i tryggleiksklasse 2. Formuleringane i kap. 6.6 kan også gi inntrykk av at planen er utarbeida etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4. NVE rår kommunen til å sikre at det vert rydda i bruken av omgrep i plandokumenta for å sikre rett framstilling av faren i planområdet.

Overvatn

I VA-rammeplan utarbeida av Riksheim og datert 04.10.2022 er det gjort vurderingar av vasshandtering for planlagt byggetomt til næringsbygg. Med bakgrunn i planområdet sin nærliek til sjø er ikkje overvasshandtering vurdert som ei utfordring for planframleggjet.

NVE rår kommunen til å sikre at det blir gjort vurderingar for handtering av overvatn i heile planområdet, og gjentek våre generelle råd om overvasshandtering. Vi viser også til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar.

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrenghoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårlig, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.



Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjoner. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Sykylven kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



Arild Sunde Rinnan


Frå: Sven Michaelis <Sven.Michaelis@kartverket.no>
Send: 24. november 2022 15:05
Til: Arild Sunde Rinnan
Emne: SV: Plansjekk Detaljregulering Sykkylven sjøfront, BS22
Vedlegg: Sjøfront -Kontrollrapport_Enkeltplan_reguleringsplan.xlsx

Kategoriar: Arkivert i Websak

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

Planen inneholder småfeil, det finnes grenser til hensynssoner som ligger utenfor plangrense.



Dette må rettes.

Planen er lastet opp til forslagsbasen.

Med vennlig hilsen
Sven Michaelis

Sven Michaelis
Senioringeniør
Kartverket Møre og Romsdal
Tlf./mob.: 32 11 85 88 / 971 44 056
E-post: sven.michaelis@kartverket.no



Ta miljøhensyn - Trenger du virkelig å skrive ut denne e-posten?

Fra: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>

Sendt: torsdag 24. november 2022 09:28

Til: MGR_plan.mrfylke <plan.mrfylke@kartverket.no>

Emne: Plansjekk Detaljregulering Sykkylven sjøfront, BS22

VARSEL: Avsenderen er fra utenfra organisasjonen. Vær trygg på innholdet før du trykker på linker eller åpner vedlegg. Er du i tvil tar du kontakt med IT Servicedesk.

Detaljregulering Sykkylven sjøfront, BS22 er ute til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Kommunen ønsker sjekk av SOSI-fil.

Mvh,

Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar

Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vi gjør merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.

Møre og Romsdal fylkeskommune
FylkeshusetPostboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.
22/00143-2

Sakshandsamar
Maiken Holst

Dato
21.12.2022

Vedr. Sykkylven kommune - Sykkylven sjøfront - Detaljregulering - Forholdet til marine kulturminne

Me viser til e-post frå Sykkylven kommune ,dagsett 21.11.2022.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sykkylven sjøfront i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Planområdet inkluderer eit område som normalt ville vært antatt å ha potensiale for marine kulturminne. Planområdet bærer elles preg av at det har vært gjennomført mange utfyllingar. Det blir derfor rekna som lite sannsynleg å finne overlevande marine kulturminne innafor det oppmerka planområdet.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne

Med helsing

Maiken Holst

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
Sykkylven kommune



KYSTVERKET

Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykker ref
21/2522 - 13 / ARIRIN 2022/996-4

Vår ref
Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
28/12/2022


Fråsegn til 1. gongs offentleg ettersyn av Detaljregulering Sykylven sjøfront - Sykylven kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til dykker høyringsbrev datert 21.11.2022 som gjeld ovannde plan og til vår fråsegn 05.04.2022 i høve oppstart av planarbeidet.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyna til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering

Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av daglegvarebutikk i sør og vidareutvikling av kommunalt areal på den nordlege delen av planområdet. I tillegg ynskjer kommunen å føre vidare gangvegen langs med sjøen mot Aureelva.



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: https://kystverket.no

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

Planen med føresegner slik den er lagt fram vil ikke få særskild innverknad på statleg farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket er satt til å ivareta i medhald av hamne- og farvasslova, og vår merknad til oppstart av planarbeidet er imøtekomen. Utifra Kystverket sitt sektoransvar har vi såleis ikke vesentleg å merke til planframlegget.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet

Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN

Sykkylven Kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Sykkylven, 09.01.2023
Vår ref: PMD
Dykkar ref: 2021/2522

Uttale til detaljregulering BS22

Viser til brev datert 21. nov. 22.


Vi har følgjande kommentarar til planframlegget.

VA-planen beskriver og viser nye og omlegging av eksisterande anlegg langs hovudvegen. Løysing for omlegging av denne traseen med mulighet for framtidig tilkomst er også skissert å beskrive i rapport frå ERA Geo. Denne delen anser vi som ivaretatt i plandokumenta.


Innløpsledning og overløpsledning ifbm. pumpestasjon er plassert inn i nytt bygg. Vi saknar ei konkret vurdering av desse eksisterande anlegga og korleis funksjon og tilkomst skal ivaretakast.

I VA-planen står det at spillovatn skal førast til SLA3 Kursethagen i Hundeidvik, dette endrast til Ullavik Renseanlegg. Det er tilstrekkeleg kapasitet for dimensjonerande avløpsmengde.

Tilknytningspunkt for avløp frå nytt bygg er teikna til innløpskum ved pumpestasjon (8144). Kum er vist i Figur 5 i geoteknisk rapport. Denne kummen er svært djup, og har ikkje ledige tilknytningspunkt. Det beste alternativet vil vere å knyte til i kum 4269, alternativt kum 8145.



Med helsing


Per Magne Drotninghaug
Sykkylven Energi AS

Frå: Halvard Hjorthol <halvard@straumen-nett.no>
Send: 9. desember 2022 16:02
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Saksnummer 2021/2522 - Høyringsmelding – Detaljregulering Sykkylven Sjøfront, BS 22

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klick på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Viser til høyringsmelding – Detaljregulering Sykkylven Sjøfront, BS 22

Det var i møte 27.04.2022 omtala behov for plassering av nettstasjon for straumforsyning til daglegvarebutikk og evt. seinare påbyggingar.

Straumen Nett ber om at det vert teke omsyn behovet for plassering av nettstasjon, der det er ønskeleg med ei plassering integrert i bygget.

Ei eventuell plassering av nettstasjon utom planområdet vi legge beslag på areal som vi kunne hindre vidare utvikling av området.

Vi ber vidare om at det blir teke kontakt med Straumen Nett for å kome fram til ei løysing.

Med helsing



Halvard Hjorthol
Avdelingsleiar Elektro/Driftsleiar

T: [934 97 458](tel:93497458)

E: halvard@straumen-nett.no

W: straumen-nett.no

Til

23 DES 2022

Ålesund 17.12.2022

SYKKYLVEN KOMMUNE

Plan, Miljø, bygg og eigedom.
Merknader til planforslag ,
detaljregulering Sykylven sjøfront BS22 og byggesak.
Mrk. Saksnr. 2021/2522.

Viser til mitt **brev datert 16.03.2022** til Kibsgaard-Pedersen A/S med
kommentar/merknad til deres kunngjøring i avisens Nyss 02.03.2022,
**vedr. privat detaljregulering på vegne av grunneiere for Gnr.14 , flere bnr. i Sykylven
Kommune.**

Viser også til mitt **brev datert 04.10.2022** til Sykylven Kommune vedr.kommunens
nylige ”flytting” av private eiendommer til vilkårlige
plasseringer uten klarlagte grenser i Kartverket sitt offentlige kart på kai-området i
Sykylven sentrum.

Hverken Kibsgaard-Pedersen eller Sykylven Kommune har gitt tilbakemelding/besvart
mine brev/merknader.

I tillegg vises det til tlf.samttale , knyttet til mitt brev datert 04.12.2022 til Sykylven
Kommune, med kommuneansatt Sindre Brunvold, som den ansvarlige
for den nylige endringen /”flyttingen” i Kartverket sitt offentlige kart, vedr. de private
eiendommene på kai-området i Sykylven sentrum.

Sindre Brunvold ga meg ingen svar på mitt spørsmål om hvilke tinglyste dokumenter
Sykylven Kommune og han har brukt som grunnlag for de nylige
endringene i Kartverket sitt offentlige kart , vedr. de private eiendommene .

Det anses som alvorlig og åpenbart ikke i tråd med norsk lov, hvis de ansvarlige i
Sykylven Kommune i sitt planarbeid ikke respekterer eller forholder seg
til de offentlige tinglyste dokumenter, knyttet til private eiendommer i kommunen.
Det bes om en snarlig tilbakemelding på mine merknader/ spørsmål i denne saken.

Med hilsen

Nils-A.Klock

Borgundvegen 300, 6008 Ålesund.
Eierinteresser i Gnr.14/ Bnr.74.

Sykylven kommune

Teknisk etat

Høyringsmelding – detaljregulering Sykylven sjøfront, BS22

Merknader til planforslaget og byggesaka til daglegvarebutikken.

Viser til 991 – Detaljreguleringsplan Sykylven sjøfront – Kommentar til innspel datert 28/3-22 nr 7 – Oddbjørn Ramstad mfl.

Friareal for torg og felles aktivitetar vert sterkt redusert og kontakten med fjorden vil bli vesentleg svekka.

Viser til innspel frå Sykylven handelsforening pkt.nr1 i 991- detaljreguleringsplan for Sykylven sjøfront.

Fri kontakt med og mot sjøen har alle tider vore sentrum sin aktivum.

Planforslaget er utarbeidd av Kibsgaard-Petersen AS der forslagsstillerar er REN Sykylven AS. I planforslaget står det i punkt 7.13 konklusjon, 3 avsnitt:

«I første omgang er det kun butikklokalet på en etasje som blir oppført på tomta. Sykylven kommune har opsjon på etablering av andre etasje til kontor/tenesteyting formål.»

Merknader til planen frå naboane:

Det må ikkje gjeve høve i detaljreguleringsplanen til eit bygg på meir enn ei(1) etasje totalt i byggeløyve.

Bygget vil skape eit brot i mellom sjø og sentrum. Om bygget blir høgare med tilknytt bopel og tenesteytingslokale vil det verte behov for meir parkeringsplassar, og andre pålagde bunde areal.

Ein Rema-butikk vil framleis gi moglegheiter for eit stort område, men, bygget skal ikkje vere høgare en ein etasje.

Dersom Sykylven kommune ikkje nyttar seg av opsjonen på 2. etasje vil det bli mogleg for Rema å söke om ei utbygging på 4.etasje med dispensasjon for ei 5.etasje.

Vi ber innstendig om at bygget ikkje blir høgare en ei (1) etasje, då dette vil foringe sjøfronten og kai-området ytterlegare.

Syver Aure Torvik

Merete Aure

Oddbjørn Ramstad

Synnøve Ramstad

Bjørg Kittang

Olav Kittang